

Asbjørnsen og Moe har fått nytt liv!

20.03.2013



Femteklassingane imponerte med eventyrleg innsats

I år er det 187 år sidan Peter Christen Asbjørnsen og Jørgen Moe traff kvarandre på Norderhov gamle kyrkjegard og fann ut at dei hadde dei same interessene. Dermed starta dei ei innsamling av eventyr som truleg er eineståande i Europa. Men lite visste dei om at dei i 2013 skulle få nytt liv i Aktivitetshuset i Uskedalen. Det skjedde i kveld og det var dei 16 femteklassingane instruert av Åse Myklebust Neset som hadde æren for det. Det vart ei i dobbel meining eventyrleg framsyning.



[Eventyrsamlarane fekk nytt liv](#)

Dei 10 og 11 år gamle skodespelarane spela Dei tre mostrene frå Asbjørnsen og Moes rikholdige samling men høgdepunktet var då dei framførte Fredrikson og hjartet til trollet som Thea, Ida Marie og Hanna hadde skreve.

Elevane har verkeleg vore gjennom ein kreativ prosess og det var ikkje rart at foreldre og besteforeldre var stolte over prestasjonen.

Framsyninga gjekk føre seg uanstrengt og utan klikk og det kan ikkje vera tvil om at det bur mye scenisk talent i denne klassa. Men mykje av suksessen var sjølvstøtt og resultatet av god og myndig instruksjon.

Kvelden slutta ikkje med den eventyrlege framsyninga, men med quiz som elevane også hadde regien på saman med læraren. Den var også vellukka og hadde dei lette spørsmåla som vi set mest pris på!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Bryllup høyrer med i eit eventyr og her er Mathias og Camilla